


MONSTERSJEKKLISTE



MONSTERSJEKKLISTE

AV REIDAR KJELSEN

- ALT ER LOV
- INGENTING ER FEIL
- KORLEIS SER VI AT MONSTERET ER ANNLEIS ENN MENNESKE?
- KVA SLAGS HUMØR HAR MONSTERET? (TRIST, MISUNNELEG, GLAD, RASANDE FORBANNA?)
- KORLEIS VISER DU HUMØRET I TEIKNINGA? (FARGE I FJESET, AUGEBRYN, KROPPSHALDNING)
- KVA ER DEN STØRSTE KROPPSDELEN PÅ MONSTERET? (HALSEN, RUMPA, FØTENE)
- KVA SLAGS FASONG HAR HOVUDET?
- KVA ER STØRST I ANSIKTET? (MUNN, NASE, HAKE)
- KOR MANGE ARMAR OG KOR MANGE RUMPEBALLAR HAR MONSTERET?
- KAN DU BYTE Plassering AV KROPPSDELAR? (RUMPA PÅ HOVUDET, NASEN PÅ MAGEN)
- HAR MONSTERET NOKRE EIGENSKAPAR SOM MENNESKE IKKJE HAR? (SPRUTE ELD, FISE EIN SNØSTORM, LØFTE EIT HUS)
- KVAR ER MONSTERET AKKURAT NO? (NATUREN, BUTIKKEN, KLASSEROM)
- KAN DU BRUKE DELAR FRÅ DYR? (GRISENASE, ROTTEHALE, KYLLINGFØTER)
- KAN DU PlassERE NOKO I TEIKNINGA SOM GJER AT MONSTERET BLIR ENORMT STORT? (SKYSKRAPAR, FJELL, BUSS)
- KAN DU SETJE INN DETALJAR SOM MAMMA IKKJE HADDE LIKT? (VÅPEN, BLOD)
- KANSKJE MONSTERET IKKJE ER LIKT PÅ BEGGE SIDER SLIK VI ER?
- KAN DU GJERE SLIK AT VI SER KORLEIS MONSTERET SER UT INNI?



Nasjonalt lesesenter
Universitetet i Stavanger

